



«MOTTAKERNAVN»

Dato: 28.12.2016

«ADRESSE»

Vår ref.: 2014/673-292

«POSTNR» «POSTSTED»

Saksbehandlar: eliwarr

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Prosjekt - Kulturminnekompotanse i kommunane og kulturminneplaner 2013 - 2017 (KIK) - Invitasjon til samarbeid og utlysning av midlar i 2017

Kommunedelplan for kulturminne

Med ansvar heimla i plan- og bygningsloven er kommunen ein særleg viktig offentleg aktør i kulturminnevernet. Kompetanseutvikling i lokalforvaltinga er eit av innsatsområda i det nasjonale kunnskapsløftet for kulturminnevernet, initiert av Miljøverndepartementet og Riksantikvaren. I 2013 vedtok Fylkesutvalet målet om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Same år løyvde Riksantikvaren 1 mill. kr til utvikling av kulturminnekompotansen i kommunane i Hordaland, og fylkeskommunen etablerte prosjektet *Kulturminnekompotanse i kommunane 2013-2016 (KIK)*. I økonomiplanen 2014-2017 har Fylkestinget vedteke ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet, og det er sett av ressursar til kompetansebygging og rettleiing i kommunane.

Riksantikvaren tildeler opptil kr 100 000,- per kommune til arbeid med kulturminneplan, jf. vedlagt brev frå Riksantikvaren. Mange kommunar i Hordaland har fått midlar frå Riksantikvaren.

Samarbeid:

Prosjektet har særleg fokus på kulturminneplanar og legg opp til samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, musea og friviljuge i heile planprosessen:

- Rettleiing i ulike fasar av planarbeidet (planprogram, utforming av kommunedelplan og handlingsprogram, høyring mv).
- Utveksle erfaringar og idear i planarbeidet.
- Rettleiing, opplæring og kurs i kulturminneregistrering i samråd med kommunane, musea og frivillig sektor.
- Kompetanse i bruk av digitale kulturminneregister SEFRÅK, Kulturminnesøk og Askeladden.
- Sakshandsaming av kulturminne, jf plan- og bygningslova og kulturminnelova.
- Kompetanseutvikling i høve verdivurdering av kulturminne, definering av omsynsoner, utarbeiding av føresegner mv.
- Praktiske kurs i bygningsvern.
- Utarbeiding av lister over alle kjende kulturminne i kommunen.

For meir informasjon, sjå prosjektet si nettside:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Til bruk i prosjektet har Riksantikvaren utarbeidd ei handbok i registrering av kulturminne, rettleiar for verdivurdering og utarbeiding av kulturminneplanar, og rettleiar for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og -landskap. For meir informasjon sjå Riksantikvaren sin nettstad:

<http://www.ra.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen>

Status for kulturminneplanar i Hordaland:

Pr. desember 2016 er status for kulturminneplanarbeidet i Hordaland følgjande:

6	Kommunar med vedteken kulturminneplan (årstal)	Fitjar (2015), Modalen (2000), Odda (2016), Samnanger (2013), Sveio (2015), Vaksdal (2015)
21	Kommunar som har starta arbeid med kulturminneplan (*sendt plan på høyring)	Askøy, Austevoll*, Austrheim, Bergen, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fjell, Granvin*, Kvam, Kvinnherad, Meland, Os, Osterøy, Radøy, Sund, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Øygarden
6	Kommune som har starta rullering av kulturminneplan (årstal vedtatt plan)	Fusa (1998), Jondal (2009), Lindås (2011), Masfjorden (2009), Stord (2009), Voss(2004)

Hordaland fylkeskommune oppmodar dei kommunane som har ein plan som bør rullerast om å ta del i prosjektet.

Søknad om tilskot - Retningslinjer

I 2017 er det høve til å søkje tilskot til delfinansiering av planarbeidet, til innlegging av prioritert kulturminne i vedtatt kulturminneplan i Askeladden.

Kven kan søkje:

Alle kommunar i Hordaland som ikkje har fått kr 200.000,- i støtte til kulturminneplanarbeid frå

- a) har gjort politisk vedtak om utarbeiding av ny kommunedelplan for kulturminne eller tilsvarande
- b) har gjort politisk vedtak om rullering av kulturminneplan eller tilsvarande
- c) har ein vedteken kulturminneplan og vil få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabasen.

I utgangspunkt får kvar kommune kr 100.000,- frå Riksantikvaren og kr 100.000,- frå fylkeskommunen for utarbeiding eller revidering av eldre kulturminneplanar. De fleste kommunar har.

De kommunar som kan søkje om s. De som ikkje har fått Dersom ein kommune har fått tildelt kr. 100.000,- tidlegare, er det anledning til å søkje om ytterlegare kr 100.000,- i tilskot til planarbeidet.

Kva kan ein søkje om:

Alle kommunar med vedtatt kulturminneplanar som vil få prioriterte kulturminne kartfesta og lagt inn i Askeladden kan søkje om midlar til dette uavhengig om tidlegare stønad dei har fått.

Korleis:

Søknaden må innehalde

- a. Kortfatta prosjektskildring som omfattar organisering av arbeidet i kommunen, framdriftsplan, budsjett og finansiering av arbeidet.
- b. Opplysingar om korleis planarbeidet er forankra (i gjeldande planstrategi eller i politisk vedtak om å utarbeide kommunedelplan for kulturminne).

Kommunane må vurdere om det er føremålstenleg å gjennomføre planarbeidet saman med ein eller fleire nabokommunar.

Handsaming av søknadene:

Hordaland fylkeskommune koordinerer søknadene frå kommunane og sender felles søknad til Riksantikvaren innan fristen 15. februar 2016.

Tildeling av tilskot til kommunane vert gjort av Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) etter at Riksantikvaren har lagt fram sitt tildelingsbrev.

Andre vilkår:

Det er eit vilkår for tilskot at prioriterte kulturminne i kulturminneplanen vert gjort tilgjengelege i kulturminnedenasbasen Askeladden. Årleg rapport om gjennomført arbeid skal sendast til fylkeskommunen.

Send søknad til:

Hordaland fylkeskommune,
Kultur- og idrettsavdelinga,
Postboks 7900
5020 Bergen

Eller epost - hfk@hfk.no

Merk søknad med: **Kulturminneplan i kommunane 2016**

Send kopi av søknaden til eliwarr@hfk.no

Søknadsfrist: 01. februar 2016

Dersom fristen er for knapp, kan kommunane sende førebels søknad innan fristen og ettersende utfyllande informasjon.

NB! 2016 er det siste året av prosjektet og siste mulighet til å søke midlar for kulturminneplanarbeid gjennom prosjektet.

Kontakt i Hordaland fylkeskommune: Elizabeth Warren - eliwarr@hfk.no – 95895468

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.